



Kommunestyret i Masfjorden kommune  
Administrasjonsbygget  
5981 MASFJORDNES

## Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Masfjorden kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

### 2. Om skatteoppkrevjarkontoret

#### 2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013
0,6	0,6	0,6



### 3. Måloppnåing

#### 3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Masfjorden kommune viser per 31. desember 2015 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 177 490 174 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 4 144 163, av dette krav stilla på vent kr 1 713 593. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 18. januar 2016.

#### 3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2015 for Masfjorden kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2013	4,3	99,9	99,0	99,8	95,8
Arbeidsgjevaravgift 2014	17,7	100,0	99,9	100,0	99,9
Forskotsskatt personlege skattytarar 2014	9,7	100,0	99,0	100,0	99,4
Forskotstrekk 2014	42,6	100,0	99,9	100,0	100,0
Forskotsskatt upersonlege skattytarar 2014	17,1	100,0	99,8	100,0	100,0
Restskatt upersonlege skattytarar 2013	2,1	100,0	99,0	100,0	99,2

#### 3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Masfjorden kommune er tilslutta Hordaland kommunale rekneskapskontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2015 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2015	Utførte kontrollar 2015 (i %)	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2015 region (i %)
68	3	2	2,9 %	1,5	6,6 %	4,0 %

### 4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2015 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 10. september 2015.

Skattekontoret har i 2015 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



## 5. Resultat av utført kontroll

### • *Intern kontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

### • *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapan*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapan i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

### • *Skatte- og avgiftsinnkrevjing*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

### • *Arbeidsgjevarkontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk. Arbeidsgjevarkontrollen vert likevel ikkje utført i eit tilstrekkeleg omfang då det er utført 2,9 % kontroller mot eit krav på 5 %.

## 6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2015 gjeve pålegg som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 17. september 2015.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg som er gjevne.

Venleg helsing

  
Arnljot von Mehren  
avdelingsdirektør  
Skatt vest

  
Jan Kåre Strøm  
fagansvarleg

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Masfjorden kommune
- Skatteoppkrevjaren for Masfjorden kommune
- Riksrevisjonen